

**Fra:** Ole Ingar Hagen Hæreid [Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no]

**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 06.11.2017 15:24:20

**Emne:** VS: "Straumenprosjektet" Søreide på FV 92 på Høyanger sørside - Søknad om prosjektmidler til å greie ut ei ny heve/svingebru

**Vedlegg:** image001.png; 2272 østerbøvatnet KU.PDF; Arealdelen Søreide.pdf; Arealdelen Søreide.pdf; Oversiktskart planområde.pdf; Plan for bygging av 2 nye hallar og utfylling i sjø.pdf; Planområde reguleringsplan Søreide.pdf; Planområde reguleringsplan Søreide.pdf; Profiloversikt utfylling sjø.pdf; Rasfarevurdering (L)(44870).pdf; Straumen - Tilbod på utarbeiding av reguleringsplan for (003).docx; Områderegulering Søreide og detaljplan for Søreide (L)(151753).pdf

Ber om at e-posten nedanfor med vedlegg vert registrert som ny sak i ESA. Før saka på meg.

Med helsing

Ole Ingar Hagen Hæreid

plan- og beredskapsleiar, samferdsleavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no](mailto:Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no)

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530954

---

**Fra:** Petter Sortland [mailto:Petter.Sortland@hoyanger.kommune.no]

**Sendt:** måndag 6. november 2017 13:26

**Til:** Dina Johanne Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>; Ole Ingar Hagen Hæreid <Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no>

**Kopi:** Jenny Ellaug Følling <jenny.folling@sfj.no>; Noralv Distad <noralv.distad@aurland.kommune.no>; Karen Marie Hjelmeseter <Karen.Marie.Hjelmeseter@sfj.no>; Hilmar Høl <Hilmar.Hol@sfj.no>

**Emne:** "Straumenprosjektet" Søreide på FV 92 på Høyanger sørside - Søknad om prosjektmidler til å greie ut ei ny heve/svingebru

Viser til møte på dykkar kontor 19. juni 2017 om prosjekt «Straumen» på fv 92 gjennom grenda Søreide på Høyanger sørside.

Osland Settefisk AS har dei siste åra investert meir enn 60 mill kr i nytt landbasert settefiskanlegg på Søreide, i den vestre enden av østerbøvatnet. I dag jobbar det 8-10 personar fast ved dette anlegget.

Dette prosjektet vil kunne utløyse nye investeringar opp mot 100 millionar kroner ved Osland havbruk sitt anlegg. Prosjektet vil også ha potensiale i seg til å doble tal tilsette på anlegget. Dei lokale ringverkandene er altså formidable.

Også østerbø Maskin AS som ligg ein knapp kilometer aust for Osland Settefisk, vil kunne nyte godt av eit slikt prosjekt, både m.o.t. minka trafikk på den kommunale vegen, men også av di dei kan ta ut store installasjonar sjøvegen. østerbø Maskin AS omset for over 70 mill kroner og har ca 25 tilsette på østerbø.

Prosjektet vil også vere eit viktig bidrag til fiskevelferd, då brønnbåtar vil kunne gå heilt inn til anlegget med fiskefor og anna råstoff – og dei vil kunne ta med seg fisk attende, pumpa direkte i båt. Det vil også vere ein miljøvinst ved å få til eit slikt prosjekt, då ein unngår fleire hundre turar årleg med vogntog opp/ ned den smale og krunglete kommunale vegen mellom Søreide og Sørebø.

Høyanger kommune bidreg til prosessen kring regulering og grunnnerverv m.m i tilstøytande areal i og kring «Straumen», sjå vedlegg.

Osland Settefisk AS køyrer sjølve prosessen med utfyllinga på Sørebø. Dei er i dialog med SFE som utbyggjar og Skanska som utøvande entreprenør ism bygging av østerbø Kraftverk. No arbeider partane tett saman for å unngå dumping av opp til 300.000 m3 masse i østerbøvatnet, men heller nytte deler av denne massen til å fylle ut kaifronten ved settefiskanlegget på Sørebø. I dette prosjektet har vi også hatt ein sær god og fruktbar dialog med Fylkesmannen.

Dersom partane kan få fram eit prosjekt som syner alle aspekt ved ei ny bruløysing over «Straumen» - er vår strategi vidare å utfordre fylket, kommune og lokalt næringsliv om eit spleiselag for å dele på kostnadene ved ei slik bru, jmf. modellen frå Skiparvika i Gulen. Difor er dette prosjektet ikkje nemnt i kommunen si uttale til RTP, men vår von er at denne kan kome inn under potten «mindre investeringar» hjå fylkeskommunen.

På bakgrunn av dette, torer Høyanger kommune å søkje fylkeskommunen om kr. 500.000,- i prosjektmidlar til å få utgreie alle aspekt ved ei ny 15 meters heve/svingebru over «Straumen» på Søreide på FV 92 på Høyanger sørside.

Med helsing

*Petter Sortland*

Ordførar

Tlf: +47 57711552 / Mob:+47 91164546

[petter.sortland@hoyanger.kommune.no](mailto:petter.sortland@hoyanger.kommune.no)

